

Eg er redd for å bli påkøyrd

SEBASTIAN (8)

3. nov. 2018 10:00, oppdatert 10:52

2

Eg bur på Langhøyane i Radøy kommune. Kvar dag må eg krysse ein veg med mykje trafikk for å gå til skulen.

Eg synest det er skummelt å gå over vegen fordi eg er redd for å bli påkøyrd.



HER MÅ SEBASTIAN KRY SSE VEGEN: – Det er ikkje overgangsfelt her.
PRIVAT

Det hender av og til at nokre biler stoppar når eg står og ventar på å gå over.

Vi har fått fortau for cirka ein månad sidan, men framleis ikkje fotgjengarovergang.

Eg skulle ønske det kunne kome ein fotgjengarovergang slik at vegen blir tryggare for meg og andre barn å krysse når me skal på skulen eller på fritidsaktivitetar. Håper vi kan få det snart.